

Tilstandsrapport 2024

for oppvekstsektoren i Ål kommune



Innhold

1. Innleiing	3
2. Avdelingane i oppvekstsektoren.....	3
2.1. Barnehagane	4
2.2. Skulane	8
2.3. Kort om Familiens hus, ein av våre samarbeidspartar	15
2.4. Fakta om kulturskulen, Ål introjenter og Hallingdal leirskule	16
3. Elever og lærarar	17
3.2. Lærertettleik	18
3.3. Undervisningspersonal	20
4. Læringsmiljø	24
4.1. Elevundersøkelsen	24
4.2. Mobbing på skulen.....	26
5. Spesialpedagogisk innsats.....	28
6. Nasjonale prøvar 5. trinn	30
7. Nasjonale prøvar ungdomstrinn.....	32
8. Grunnskulepoeng	36
9. Fråvær og gjennomføring	37
10. Oppsummering	39

1. Innleiing

Kommunen ved kommunestyret er formell eigar av dei kommunale barnehagane og skulane. Kommunestyret har eit overordna ansvar for at barnehagane og skulane gir eit kvalitativt godt tilbod til barn og unge.

Etter Opplæringslova § 17-12 skal Ål kommune ha eit forsvarleg system som sikrar at lover og forskrifter blir helde. I tillegg skal systemet sikre oppfølging av resultat frå dei nasjonale kvalitetsmålingane. Det overordna målet er å bidra til kvalitetsutvikling på alle nivå i grunnopplæringa og slik auke læringsutbyttet for den enkelte eleven.

Frå 2010 er kommunen pålagt å utarbeide ein årleg tilstandsrapport for grunnskulen. Tilstandsrapporten skal vere eit viktig styringsverktøy for skuleeigar, og skal hjelpe dei folkevalde, administrasjonen og avdelingsleiarane til å evaluere og utvikle tenestene i sektoren.

Kommunen har ansvar for både barnehage og skule; bygging og drift av barnehage og skule er ei kommunal oppgåve. Sidan 80-talet har det vore ei gradvis endring frå statleg regelstyring til kommunal målstyring. Overføringane frå staten var tidlegare i mykje større grad øyremerka. I dag blir det gitt rammeløyvingar. Så lenge kommunane rettar seg etter lovverket, kan dei sjølve gjere val og i større grad enn tidlegare styre innhaldet i både barnehage og skule. Det krev at lokalpolitikarane får større innsyn og innsikt i oppvekstsektoren.

Tilstandsrapporten gir eit bilete av korleis oppvekstsektoren arbeider for å nå kvalitetsmåla i strategidokumentet Oppvekst 2030. Skattebøl skule er mellombels lagt ned for skuleåret 2024-2025, difor finnes det ikkje omtale, tal eller statestikk for denne eininga dette skuleåret.

2. Avdelingane i oppvekstsektoren

Omtale av dei einskilde avdelingane er gjort utifrå følgande spørsmål:

A: Kva er fokuset vårt/prioriteringa vår per i dag - kva arbeider vi med for å styrke barn og elever si læring og trivsel (leik, leikbasert læring og praksisnær læring)?

B: Korleis er strategidokumenta, visjonen til kommunen og den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» ein del av utviklingsarbeidet vårt/prioriteringane våre?

C: Kva vil vi ha i fokus i første line (heilt tett på barn og elevar) for å nå målet vårt/prioriteringane våre i avdelinga?

Under kjem avdelingane sine attendemeldingar. Her markert i hermeteikn.

2.1. Barnehagane

Sundre barnehage	«For barnehageåret 2024-25 står utviklingsområda leik, autoritativt klima (omsorgsfulle og tydelege tilsette i samspel med barna) og arbeidsglede/gleding i vår gullramme. Desse områda har me fokus på gjennom året i kvardagen saman med barna, på personalmøte og avdelingsmøte. Me ser på kompetanseheving og prosessar for heile personalgruppa som viktig for å lykkast med endring og utvikling. No nyttar me m.a. Udir si kompetansepakke "Leik i barnehagen" og Hallinghelse med temaet "livsmeistring/livsstyrke". Me arbeider med å ha ein raud tråd frå lovverk, lokale planer til vår eigen årsplan, konkretisert med månadsplanar og praksis. Styringsdokumenta skal vera kjent for alle tilsette og spesielt i leiargruppa arbeider me med kva innhaldet betyr for vår praksis. Er me der me skal vera? Interne utviklingsbehov i barnehagen samsvarar ikkje alltid med nasjonale satsingar og er noko me alltid må vurdere. Me skal både gi eit godt barnehagetilbod for alle barn, samtidig som me må gjera individuelle tilpassingar ved behov. I Sundre barnehage har me no ein 7. avdeling med tilsette, som arbeider med spesialpedagogisk oppfølging. Det skjer i tett samarbeid med avdelingane barna høyrer til. Systemarbeid på avdelingar, nytte pedagogisk analyse og sjå på kva som er bra og kva som kan bli betre er verktøy for å utvikle god praksis. Vår klare oppfatning er at det er leiken med barn og tilsette i samhandling som er vår prioritering. Det er også her me best oppnår måla i styringsdokumenta i sektoren. Me er også oppteken av å styrke og få flyt i laget rundt barnet, der t.d. Familiens hus har ei viktig rolle. Det gjeld systemarbeid, støtte til barn og familiar, primærkontakter/småbarnsteam o.l. Her er me på veg og opplever utbytta av samarbeidet, men er ikkje i mål.»
Sando barnehage	«Vi har fokus på å fremje leik og leikbasert læring gjennom systematiske leikegrupper som styrkjer sosial kompetanse, språk og sjølvregulering. Personalet arbeider aktivt med å leggje til rette for praksisnær læring ved å bruke nærmiljøet som læringsarena, som turar i naturen og besøk i lokalsamfunnet. Vi har etablert faste rutinar for daglege samlingsstunder med høgtlesing og samtalar som stimulerer språkutvikling. I tillegg har vi sett fokus på sosialt fellesskap gjennom fellesprosjekt som fremjar samarbeid og problemløysing. Vi har knytt arbeidet vårt tett opp mot strategiplanen Oppvekst 2030, med særleg vekt på tidleg innsats og inkluderande praksis. Vi har jobba for å skape eit profesjonsfagleg fellesskap gjennom regelmessige faglege refleksjonsmøte. For å styrkje samarbeidet med PPT og familietenesta, har vi etablert faste samarbeidsmøte for å sikre betre spesialpedagogisk hjelp. Vi prioriterer også tilgang til alternative læringsarenaer og praktisk læring gjennom uteleik og fysiske aktivitetar i gode uteområde. Dette arbeidet støttar visjonen til kommunen om å vere ein inkluderande og læringsfremjande oppvekstkommune. I første linje vil vi ha ekstra fokus på tidleg innsats gjennom tett oppfølging av kvart barn. Vi vil systematisere observasjon og refleksjon for å sikre at vi fangar

	opp behov for støtte og tilrettelegging tidleg. Arbeidet med overgangen mellom barnehage og skule vil bli prioritert gjennom tett samarbeid med skulen og føresette, og vi vil leggje til rette for besøk og felles aktivitetar. Vi vil også styrkje barns medverknad gjennom barnesamtalar og val i kvardagsaktivitetar, slik at barna får reell påverknad på sin eigen barnehagekvardag.»
Skattebøl barnehage	«Det er flest kvardagar i året vårt. I Skattebøl barnehage ynskjer me å løfte fram kvardagane som dei <u>gode dagane</u>. Dei «blanke dagane» på månadsplanane våre, er desse gode kvardagane. Kva skjer desse blanke dagane; - gjer me ingenting? Jo, da – det er på desse dagane at leiken står i fokus, og at barna har god tid til å leike. Gjennom å leike med andre barn, utviklar barna sine evner og ferdigheiter på alle område; språk, sosiale ferdigheiter, motorikk, kreativitet og generell kunnskap. Dei lærer at to pluss to stolar, er lik fire stolar, og dei lærer å samarbeide for å oppnå felles mål. Ja, dei lærer litt om alt som skal møte dei seinare i livet. Alle godkjente barnehagar må oppfylle barnehagelova og rammeplanen, som er ei forskrift til lova. I rammeplanen er det sett opp 7 fagområde som me skal arbeide med kvart år, og det er formulert mål for drifta. I ein barnehage må me leggje til rette for at barna kan ha gode leikemoglegheiter; dei må ha gode rom, trygge uteleikeplassar med spennande utfordringar, og dei må ha leiker og utstyr som kan stimulere til god leik. Dei må også få leike i eit inkluderande miljø der dei vaksne er tett på barna, og der alle opplever å høyre til i fellesskapet. Ingen dagar er like, og godt er det. Dagane i barnehagen blir prega av alle personane som er i barnehagen, store og små. Alle set sitt avtrykk. Det er eit dynamisk samspel som legg grunnen til korleis kvar og ein opplever dagen; ein god dag? Ein dårleg dag? Om dagane er ulike, så er dei likevel føreseielege. Barna veit kva dei går til på ein alminneleg kvardag i barnehagen. Dette gjev ei kjensle av trygghet. Trygge barn er glade barn. Dei brukar ikkje energi på å vere redde eller usikre. Dei kan bruke energien sin på å vere kreative og ha det moro saman. Dei leikar!»
Nordbygdene barnehage	«Leik og samspel på tvers av alder (opne avdelingar i barnehagen delar av dagen + leik og samvær med skuleborna). Glede og humor i samspelet mellom barn og vaksne. Positive møtepunkt/leik sett i system mellom 1./2.klasse og skulestartarane siste året i barnehagen for å gjere overgangen til skulen trygg og god. Vaksne som aktive deltakarar i barn sin leik + på barn sine premisser. Tid og rom til borna sin leik i kvardagen. Styrke barn sin leikekompetanse og gje dei felles leikepreferanse ved å øve opp fantasien deira gjennom eventyr, oppdikta historier og leik. Vidare kan det inspirerer til ulike uttrykksforma innan fagområdet «Kunst, kultur og kreativitet». Me har jobba med å få til gode rutinar i personalgruppa og ble kjent med nye tilsette. Pedagogisk analyse med fokus på borna og tilsette sine styrker. Halde fram med styrkebasert tankegang i kvardagen og bevisstgjera og øve på eige "styrkespråk" (både barn og personalet) - ta i bruk verktøy i SMART-oppvekst. Jobbe for å skape gode og inkluderande foreldrenettverk rundt borna.»

Torpo barnehage	«Arbeidsåret 2024 /2025 har prosjektet «leikeglede» Me er vaksne som er aktive i leik saman med barn. Me veit at den har stor betydning for god sosial utvikling, læring og meistring. Oppmerksamt nærvær, og tydeleg vaksenrolle (autoritativ) er ein arbeidsform som me jobbar aktivt med. Me ser etter styrker hos kvarandre og hos barna, og bruker «smarte mål». Språkleg medvit står sentralt i all planlegging, både hos barn og vaksne, og målet er å skape eit godt språkstimulerande miljø, der det er aktivitetar spontant og planlagt, og kultur for medverknad. Uteleiken er eit satsingsområde no i vår. Me har i samarbeid med STYD kommunikasjon fått kunnskap om samspel og leik og korleis me kan legge til rette for gode arenaer ute som barn kan utforske og samhandle i. Særleg vekt på materiale med mange ulike bruksområde. Naturmateriale som er fleksible slik at barna kan sortere, bygge med og frakte i sin leik. Slik skaper me eit inkluderande leikemiljø og legg til rette for vennskap. Torpo barnehage er ein lærande organisasjon. Hyppige utskiftingar i tilsettgruppa skaper utfordringar som gjer at me tenker nytt om organisasjonen barnehage, og korleis me setter struktur og rammer gjennom den autoritative vaksenstilen. Strategidokumenta er viktig for å få relevante kurs og sikre progresjon. Tema som me får kompetanse i er relevante for å utvikle barnehagen, slik at alle får felles kunnskap og fagleg påfyll. Barnehagen samarbeider med PPT og familiens hus. Me har primærkontaktmøter fast 1 gong i semesteret. I tillegg får me kurs for heile personalet på personalmøte i tematikk dei har spesialkompetanse i. Familiens hus har også hatt temakveld på foreldremøte.»
-----------------	---

Arbeidet i barnehagen er tufta på nasjonal Rammeplan for barnehage, som blei gjort gjeldande frå 1.august 2017 ([Rammeplanen for barnehage](#)).

Barnehagane har arbeidd med implementering av ny rammeplan sidan hausten 2017. Dette har vore eit viktig og prioritert utviklingsarbeid som blei avslutta våren 2020.

Barnehagane pliktar å lage eigne årsplanar som m.a. viser korleis dei arbeider med fagområda. Ål har utarbeidd ein felles Årsplanmal for barnehagane.

Arbeid i barnehagen er også tufta på det nye kapittelet i barnehagelova om psykososialt barnehagemiljø (§§41-43) frå 1.januar 2021. Barnehagen skal arbeide førebyggjande og har aktivitetsplikt til å gripe inn og sette i verk tiltak for å skape eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen pliktar å lage aktivitetsplanar med tiltak der ein får kjennskap til barn/grupper av barn som ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.

Oversikt over barnehageplassar, tilsette og tal barn:

Tal pr. 15.12.2024 frå BASIL. Stillingsandel er oppgitt i hundredel, der 100% stilling = 1,0.

Barnehage i Ål	Avdelingar/ plassar	Grunnbemanning				Møte- ressurs	Arb.m enkelt vedtak	Tidleg innsats	Sum
		Styrar	Pedagog	Assistent	Sum				
Nordbygdene barnehage	2 avd, 30 plassar	0,8	3,0	3,2	7,0	0,2	2,0	0,2	9,4
Sando barnehage	2 avd, 36 plassar	0,8	4,0	6,2	11,0	0,2	0,0	0,2	11,4
Skattebøl barnehage	2 avd, 30 plassar	1,0	5,3	5,7	12,0	0,2	1,5	0,2	13,9
Sundre barnehage	6 avd, 108 plassar	2,0	5,9	14,8	21,7	0,4	6,9	0,4	29,0
Torpo barnehage	2 avd, 30 plassar	0,8	2,2	4,1	7,1	0,2	0,0	0,2	7,5

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Tal barn i barnehage	173	176	175	183	184	210

Eigenvurderinga til eigar:

- **Rekruttere:**

Frå 01.08.18 blei det innført nasjonal bemanningsnorm. Norma stiller krav om ei bemanning som tilsvarar minst ein vaksen per tre barn under tre år og ein vaksen per seks barn over tre år. Denne bemanningsnorma tilsvarar den bemanninga Ål har hatt i barnehagane også tidlegare.

Frå 01.08.18 blei det også innført nasjonal pedagognorm i barnehage. Det skal vere minst ein pedagogisk leiar per 7 barn under tre år og minst ein pedagogisk leiar per 14 barn over tre år. Pr. dags dato strever Ål kommune med å rekruttere nok tilsette med pedagogutdanning, og har 9 tilsette i ulike stillingsstorleikar på dispensasjon for å kunne oppfylle pedagognormen.

Barnehagane i Ål har gjennom året 2024- 2025 vore svært fulle. Vi starta opp nytt barnehage år med utvida avdelingar i fleire av barnehagane og med pedagogar på dispensasjon. I november 2024 måtte me ta bort vedtaket som låg gjeldande om løypande opptak, då vi verken hadde nok plassar eller tilsette til å kunne tilby plassar løypande. Vi tilbyr difor nå berre plass gjennom året der det er kapasitet.

Målet er likevel at alle skal få tilbod om plass, og administrasjonen arbeider kontinuerleg med å auke kapasiteten, både på plassar og tal på tilsette med pedagogisk utdanning.

- **Møtetid til planlegging og kvalitetsarbeid**

Dei tre siste åra har barnehagane fått tilført ein ressurs for å dekke opp auka møtetid og arbeid utanom avdelinga, i sum for alle barnehagane tilsvare dette 120 % stilling. Det å drive profesjonsfagleg utvikling til beste for barna, krev tid og ressursar til barnehagane for å dekke opp vikarbehov og møtetid for tilsette. Ein ser behov for å kunne få auka denne ressursen i større grad.

- **Tidleg innsatsressurs**

Ressurs blir nytta til ei generell styrking av tidleg innsats for barn som m.a. blir nytta på språk- og motorisk stimulering. Denne tilsvare til saman 120 % i sum for alle barnehagane. Barnehagane melder at denne ressursen er nytting for å arbeide med politiske føringar og mål for sektoren i strategidokumentet Oppvekst 2030. Det er positivt at denne ressursen er lagt fast inn i budsjettet.

- **Styrking for barn med spesielle behov**

Oppvekstsektoren har fleire barn som treng ekstra styrking og vi ser behovet for å kunne jobbe meir systematisk og førebyggjande inn mot desse barna. Administrasjonen har ønske om at barnehagesektoren kan få tilført fast ressurs til stillingar som spesialpedagog.

2.2. Skulane

Ål ungdomsskule	«Me har brukt hausten på å setje ulike ting i system som møter, korleis legge til rette for elevar som fell utanfor tilpassa opplæring og no er me i gong med å sjå på korleis me kan rigge oppstarten for 8. trinn på best mogleg måte for elevane slik at dei skal finn trygghet og sin plass på ny skule i ny klasse på ein god måte. Me har og jobba med å få på plass gode rutinar som kriterium for orden og åtferd, rutinar rundt arbeidstid på annleis dagar ol. Me jobbar primært med å få dei med ufrivillig skulefråvær til å komme på skulen. I haust har me kome inn i eit samarbeid med Statped, der me får rettleiing omkring elevar med høgt skulefråvær og nevroutviklingsforstyrningar. Me har fått på plass eit godt samarbeid med Familiens hus, der me har fast møtepunkt med helsesjukepleiar, ungdomslos og primærkontakt. I desse møta jobbar me konkret med elevane og sikre at alle fylgjes opp og at ingen glepp for uss. Me har fått faste dagar med primærkontakt på huset der me har fått til gode rutinar for at lærarar og miljøretteleiarar får rettleiing på både individ og systemnivå. Me har handla inn mykje utstyr til elevane som biljardbord, hockeyutstyr etc. Elevrådet har vore veldig aktive i år og bidrege til mykje sosiale arrangement på tvers av trinn, t.d. juleverkstad og ei temaveke. Dette har vore veldig positivt for miljøet på skulen. Sjølv om me ikkje har gått gjennom den strategiske planen i fellesskap jobbar me med elementa i planen gjennom året. Gjennom samtalar med personalet blir arbeidsmiljøet og måten me møter kvarandre trekt fram som positivt og forsterkande for at dei som jobbar her idag ønsker å bli her. Me har eit godt undervisningsopplegg for elevane med norsk som andrespråk, der dei får norskopplæring fram til dei har gode nok norsk kunnskapar til å delta i undervisning med klassen. I praktiske fag er dei med eigen klasse for å knytte relasjonar. Me er opne med elevane om det me ser og observerer gjennom skulekvardagen og pratar med dei om stort og smått, Dei tilsette er modige i møte med elevane og i det å knytte relasjonar til alle elevar ved skulen vår, og dei er grundige når det skjer ting ein må rydde opp i, undervisningsopplegg og det å lage gode opplegg og rutinar som elevane finn interessant. Så Open, grundig, modig = jobbar me med kvar dag. Me har etter jul hatt stort fokus på dette med rus blant ungdommane, eit arbeid som vil fortsette gjennom heile våren med blant anna forsterka inspeksjon, samtalar med enkeltelevar og heile klassar, rus veke mm. Hovudfokuset vårt framover vil ligge på korleis me på best mogleg måte kan møte dei elevane som fell utanfor tilpassa opplæring, og elevar med høgt fråvær. Me jobbar for å vera ei skule som alle kan finne tilhøyrighet på.»
Nordbygdene skule	«Omtale av dei einskilte avdelingane er gjorde utifrå følgjande spørsmål: A: Kva er fokuset vårt/prioriteten vår per i dag - kva arbeider me med for å styrkje barn og elevar si læring og trivsel (leik, leikbasert læring og praksisnær læring)? Me jobbar med å utvikle leikbasert læring og meir tid til frileik også i skulen, med hovudvekt på overgangen frå barnehage til skule. Nytt av året er vårt

	nyinnreidde klasserom for 1&2 klasse som er møblert som ein base i ein barnehage med ulike leikesonar. Skulen jobbar dette året med å implementere kvardagsreglar og vaksenstandardar ut i frå verdiane vis omsorg, vis respekt, vis ansvar. På denne måten er målet at elevane våre skal oppleve å møte same forventningar og standardar frå alle vaksne på skulen. Vidareføring av praktisk fag for mellomtrinnet. Det bør være ei kommunal føring for korleis vi skal drifte fådelte skuler i Ål kommune. B: Korleis er strategidokumenta, visjonen til kommunen og den regionale satsinga «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis» ein del av utviklingsarbeidet vårt/prioritetane våre? Det blir avsett tid til å jobbe med kompetansepakkar frå Udir kring inkluderande skulemiljø og inkluderande praksis. Skulene burde hatt meir tid til kollektive prosessar rundt dette arbeidet, for at inkluderande praksis skal bli nettopp det, i praksis. Vi må utvikle praksisen vår innanfor handlingsrettleiaren i BTI, jobbe med pedagogisk analyse og oppretthaldande faktorar i saker, både på individ og systemnivå, både med og utan hjelpeinstansane. C: Kva vil vi ha i fokus i første line (heilt tett på barn og elevar) for å nå målet vårt/prioriteringane våre i avdelinga? ○ Involvere elevane i større grad (elevmedverknad) ○ Arbeide styrkebasert i møte med elevar, foreldre og andre instansar ○ Vi må jobbe for betre koordinering og samhandling av tenester slik at brukarane (elevane) merkar at vi jobbar mot felles mål i praksis gjennom samarbeid, samhandling og samskaping på fleire nivå. Utvikle samarbeidet med Familiens hus på systemnivå. ○ Utvikle gode team der det er høg grad av psykologisk trygghet og evne til å bruke kvarandre sine styrker optimalt i arbeidet vårt rundt elevgruppene. ○ Godt og konstruktivt foreldresamarbeid på alle nivå.»
Torpo skule	«A: På Torpo skule har vi fokus på lek og praktisk læring. Dei minste elevane startar kvar dag med lek, før dei etterkvart går over til samling og fag. Alle elevane på 1.-4.trinn har uteskule ein halv dag i veka, der heile småtrinnet er i lag. På mellomtrinnet er det fokus på praktisk undervisning, og nokre trinn har uteskule fast på timeplanen. Vi har starta å jobbe med cooperative learning (samarbeidslæring), og vi har lærarar som jobbar Montessori inspirert. Vi har gjennom året jobba med å få på plass ulike tilbod for styrt aktivitet i matfriminutt, slik som gymsal, uteaktivitetar, bibliotek og skøytebane. Elevrådet har vore delaktige i planlegginga av desse aktivitetane. Skulen har søkt om, og fått midlar til å etablere skulehage, med økonomisk hjelp frå Økologisk Norge/ Sparebankstiftinga. Dette tenkjer vi å gjere til ein ny læringsarena der vi kan

	fokusere på praksisnær og praktisk læring. Arbeidet med å etablere skulehagen er i gang på planleggingsstadiet, og det praktiske arbeidet startar våren 2025. B: Vi jobbar med å lage gode system for samarbeidet med hjelpetenestene. Vi ser for oss at primærkontakt i PPT skal ha ei tettare rolle på elevane, der skulevandring er tenkt brukt meir aktivt. Både helsesjukepleiar og PPT er tilgjengelege på skulen ein dag i veka. Arbeidet med BTI modellen står sentralt her. Torpo skule, Ål ungdomsskule og PPT har også eit samarbeid med Statped, der vi søker å heve kompetansen i personalet rundt nevroutviklingsforstyrningar og skulefråvær. Vidare har Torpo skule meldt si interesse for eit prosjekt som også inneberer samarbeid med PPT og Statped, dette handlar om å få verktøy rundt arbeidet med «Inkluderande praksis». Arbeidet er ikkje i gang per no, men har tenkt oppstart våren 2025. Vi har også hatt noko fokus på å tolke og implementere ny opplæringslov. Vi er i gang med systematisk tenking rundt elevsamtaler og elevmedverknad i utviklingssamtaler. Vi har hatt behov for å jobbe meir systematisk med dokumentasjon, og har starta med dette arbeidet. På skulen vår har vi eit stort og fint bibliotek som er mykje i bruk blant elevane. Vi lager enkle utstillinga knytt til tema, og har fokus på å halde rommet ryddig for at det skal vere innbydande for elevane våre. C: I tida framover ynskjer vi å arbeide med å støtte opp om, og stimulere styrkane og kompetansane til kvart einskild barn. Vi ynskjer å utvikle vår oppdagarkompetanse slik at vi på tidlegare tidspunkt kan gripe inn og forhindre, eller undersøke og oppmode, i ulike situasjonar. Vi vil vidare gjere vårt beste for å skape eit godt læringsmiljø i skulehagen vår. Til hausten får vi ikkje fyrsteklassingar på Torpo skule. Dette betyr at vi vil få ein del areal ledig, som gjer at vi kan tenkje alternativt i undervisninga vår i høve areal.»
Nedre-Ål skule	«På Nedre-Ål skule arbeider me med to-lærarsystem og individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) i fellesskapet. Me ynskjer oss framleis to kontaktlærarar i kvar klasse med elevtal over 16, slik at lærarane kan dele ansvar og ha ein likeverdig sparringspartner i ulike saker. Gjennom våre rutinar for ITO og oppl. §12-4 sikrar dette barns rett til å bli høyrd i saker som angår dei og fremme tid til gode elevsamtalar. Tiltaket med to-lærer i alle fag på 1.-3.trinn er òg viktig i eit tidleg innsatsperspektiv og samarbeidet med føresette. I tillegg er me organisert i team på trinn med faste vaksne som skapar forutsigbarheit for barn. To-lærarsystemet og individuell tilpassa opplæring (ITO) er i tråd med Kompetanseløftet. Me har etablerte system for samarbeid med hjelpetenestene i Familiens hus. Me har eit støtteteam internt på skulen der primærkontakt frå PPT og helsestasjonen nå møter jamleg og eit utvida støtteteam med fleire primærkontaktar frå familiens hus som møtast kvar 3.veke. Ved at PPT har styrka ressurs opplev me rask og lett tilgjengeleg støtte og rettleiing og det er kort veg til hjelpetenestene i familiens hus. Uteskule/fagdag og praktisk læring/aktiv læring kan me sjå opp imot satsinga leik/leikbasert læring og Oppvekst 2030. Me har lagt tilrette i timeplanen for alle trinn, til og med 7.trinn, for å kunne ha ein utedag/fagdag ute i veka. Alle trinn

	har symjing kvar veke heile året, og 1.-3. trinn får i smågrupper. om Me nyttar nærmiljøet slik som Hallingdal feriepark, Badeplassen, Sundreberget, Bråta og Elvelangs osv. Vidare er det nedsett ei arbeidsgruppe som ser på ulike løysingar for alternative læringsarenaer. Me jobbar også godt med tverrfaglege prosjekt i heile personalgruppa der tilsette og elevar medverkar. Tverrfaglege prosjekt som litteraturveka, Hallingveka osv. gjev læringsglede og motivasjon hjå elevar og tilsette. Inneverande skuleår er me godt i gang med å sjå på utnytting av fellesareal på skulen. Inkludert i dette ligg også tanke om utforming av nytt skulebibliotek. Vidare har me eit pågåande arbeid med å skape eit inkluderande læringsmiljø, der me vektlegg elev- og vaksenstandardane våre. Me jobbar med haldningsarbeid og fellesskap på tvers av trinn og i tett samarbeid me FAU og SU/AMU. Det nye flotte uteområdet har gitt meirverdi for elevane i kvardagen og gitt mindre konflikhtar og meir positiv aktivitet og leik ute. I vårt systematiske arbeid med inkluderande læringsmiljø nyttar me også kartleggingsverktøy som www.klassertrivsel.no og elevundersøkinga. Me jobbar med å vidareutvikle arbeidet for framandspråkleg elevar ved å sjå på system for kartlegging og oppfølging av elevane, og ansvaret for arbeidet vil bli lagt til spesialpedagogisk koordinator. Me jobbar kontinuerleg med å tilby god skulefritidsordning (SFO) og har dette skuleåret fått ei heil SFO-leiarstilling pga. stor barnegruppe på SFO. Leiaren her har ansvar for tilrettelegging med tilsette, fagleg innhald, organisering og kontakt med føresette. Det me ser kan bli ei utfordring framover er nok tilsette i ramma får til å drifte ei god og brukartilpassa SFO. I arbeidet med å behalde og rekruttere tilsette har leiinga fokus på å bygge gode team rundt trinn og vidare rundt enkeltelevlar som strevar. Dette gir trygghet og forutsigbarheit for dei tilsette og for elevane på trinna. Me prioriterer at alle nyttilsette får ein fadder på huset, som ei ekstra støtte fyrste arbeidsåret på Nedre-Ål skule. Me har fokus på å få til gode profesjonsfagleg fellesskap for refleksjon og evaluering av eigen praksis, og me nyttar pedagogisk utviklingsarbeids tid (PU-tid) og team-tid til dette. Me er i gang med å nytte refleksjonsverktøyet pedagogisk analyse på elevmiljø. Leiinga har fokus på å vere tett på, støtte og fylgje opp dei tilsette i enkeltsaker og systemsaker. Det er viktig å ha ei leiing som er tett på dei tilsette for å skape godt arbeids- og læringsmiljø på skulen. Ressursen til leiing må vere stor nok for å ha mogelegheit til å prioritere dette i arbeidskvardagen.»
Ål kulturskule	«Vårt hovudfokus ved Ål kulturskule er å styrkje barn og ungdom si læring, trivsel og skaparglede gjennom leik, leikbasert læring og praksisnær undervisning. Kulturskulen skal vere ein læringsarena der alle elevar får moglegheit til å utvikle seg kunstnarisk og personleg, i tråd med den nye Rammeplanen for kulturskule (2024) «Kulturskule for alle.» Planen legg vekt på mangfald, inkludering, kvalitet og tilpassa opplæring, noko som harmonerer godt med våre prioriteringar:

	1. Nyskapande og inkluderande undervisningsmetodar Vi utviklar og implementerer undervisningsmetodar som engasjerer og motiverer elevane. Dette inkluderer leik og leikbasert læring, samt fleksible undervisningsformer som gir rom for både meistring og utforsking. Den nye rammeplanen vektlegg ei opplæring som er tilpassa elevane sine føresetnader og interesser, noko vi aktivt arbeider med å innlemme i vår undervisningspraksis. 2. Praktisk læring og aktiv deltaking Vi legg vekt på å gi elevane høve til å delta aktivt i læringsprosessen gjennom praktisk arbeid, samskaping og prosjektbasert læring. Dette omfattar verkstader, framsyningar, utstillingar og samspel, som bidreg til ei heilskapleg og meningsfull læring. Dette samsvarer med prinsipp i rammeplanen om at læring i kulturskulen skal vere opplevingsbasert, skapande og utforskande. 3. Mangfald, inkludering og tilgjengelegheit Ål kulturskule skal vere open og inkluderande for alle barn og unge, uavhengig av bakgrunn og føresetnader. Vi arbeider aktivt for å tilby eit breitt spekter av kunst- og kulturuttrykk, i tråd med verdiane i den nye rammeplanen. Vi legg vekt på å reflektere mangfaldet i lokalsamfunnet gjennom undervisningstilbodet vårt og legg til rette for at fleire skal ha tilgang til kulturskuletilbodet. 4. Samarbeid og partnerskap Vi styrkar samarbeidet med lokale og regionale kulturaktørar, kunstnarar, skular og andre institusjonar for å gi elevane våre eit rikare læringsmiljø. Den nye rammeplanen legg vekt på at kulturskulen skal spele ei aktiv rolle i lokalsamfunnet og inngå i forpliktande samarbeid, noko vi ser på som avgjerande for vidare utvikling. Gjennom desse satsingane skapar vi eit læringsmiljø som inspirerer til kreativitet, utforsking og meistring, og som bidreg til barn og ungdom si utvikling og trivsel.»
Ål introsenter	«Ål introsenter har ansvar for busetting, etablering og inkludering av busette flyktningar med opphaldsløyve, dessutan opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar. Avdelinga har stort fokus på praksisnær læring, og vi ser at det har stor effekt på motivasjon og læringsutbytte. Blant anna jobbar vi mykje med å skape eit felles læringsrom for praksis og norskopplæring i introduksjonsprogrammet. Både lærarar og flyktningkonsulentar følger opp deltakarane ute i praksis, og sikrar at det blir god samanheng med det som skjer i klasserommet. Vi tilbyr bransjeretta valfag til alle elevar, for å gjere dei betre rusta til å møte det norske arbeidslivet, samt digital undervisning som kan kombinerast med jobb. Vi tilbyr også karriererettleiing og tett oppfølging, for å hjelpe deltakarane våre med å sette både kortsiktige og langsiktige mål.

	Trivsel er ein viktig faktor. Vi ønsker at flyktningane som blir busette i Ål kommune skal trivast og bli verande her, og vi har fokus på bu- og bli-lystarbeid. Då må vi jobbe heilskapleg. Det gjeld alt frå å finne eigna bustad, kartlegge eventuelle helseutfordringar, tilby kompetanseheving, hjelpe med å koma i arbeid og meningsfull aktivitet, legge til rette for deltaking i fritidsaktivitetar, bli kjent i lokalsamfunnet osb. Det er fokus på tverrfagleg arbeid og samhandling. Ål introsenter deltek til dømes på utvida støtteteam og tverrfaglege møte i skulen, og i samarbeidsmøte med helse. Ål introsenter og Familiens hus samarbeider t.d. om helsekartlegging av nye busette og heimebesøk hos barnefamiliar. Det er utarbeida rutinar for oppstart av flyktningbarn i barnehage og skule. Medverknad er viktig. Introsenteret gjennomfører ei årleg digital brukarundersøking i regi av IMDi. I tillegg gjennomførte vi i 2024 ei kvalitativ brukarundersøking (det blir gjort kvart 5. år). Resultata frå undersøkinga visar høg grad av trivsel og at dei fleste opplev å bli tatt godt i mot. På spørsmål om kva som kan bli betre kjem fram ønske om fleire sosiale møteplassar for vaksne, hjelp til ein meir stabil bustadsituasjon og kompetansehevande tiltak for å komme raskare inn i relevante jobbar. Ål introsenter jobbar mykje med haldningsskapande arbeid, slik at heile kommunen skal oppleve å stå felles om å ta godt imot våre nye innbyggjarar. Eit levande Ål for alle er ei god rettesnor og eit naturleg utgangspunkt for alt vårt utviklingsarbeid. Vi jobbar blant anna tett med næringslivet for å ha kjennskap til deira behov, og korleis vi kan bidra med å folk ut i jobbar som arbeidslivet her har behov for. Visjonen er også eit godt utgangspunkt for fokus på deltaking i samfunnslivet, på alle plan. For å oppnå dette må vi også ha eit godt arbeidsmiljø og vere ein arbeidsplass der dei tilsette kjenner psykologisk tryggleik, får brukt sin kompetanse og ønsker å bidra. Avdelinga har kontinuerleg fokus på utvikling av profesjonsfellesskapet. I 2024 er det til dømes jobba med å etablere eit godt system for kollegarettleiei og kollegastøtte. Avdelinga har også eit kontinuerleg fokus på å analysere og evaluere praksis, for å sikre eit godt læringsmiljø og at vi gir eit profesjonelt og likeverdig tenestetilbod av høg kvalitet. Vi vil jobbe vidare med relasjonsbygging, meistring, deltaking og inkludering.»
Hallingdal leirskule	«På leirskulen har vi heile tida fokus på at ungane skal lære gjennom praktisk tilnærming. Vi flettar inn teori under dei praktiske øktene. Vi har og stort fokus på at alle skal kunne delta på våre økter uansett kva for ting elevane kan slite med. Elevane med særskilde behov treng ikkje vere med på heile økta viss det er hensiktsmessig, men alle prøver å bli med på noko. Vi har og fokus på at det skal vera moro og vera leikprega aktivitetar. I og med at elevane og bur på hytter utan vaksne, er det jo masse praktisk læring i dette, og ikkje minst ei god

	læring for det vaksne liv etterkvart. Det blir drøfta/teke i bruk når vi diskuterer nye aktivitetar og korleis vi skal få til eit best mogleg opphald for elevane med tanke på godt læringsmiljø både fagleg og sosialt. Vi har og stort fokus på at leirskulen er for alle, uansett kva for funksjonsnivå eller problem du måtte ha. Dette er jo og i visjonen til Ål om at Ål er for alle. Vi på leirskulen bruker jo alternative læringsarenaer for alle som kjem på besøk. Vi nyttar jo oss blant anna av museet, vi reiser på fisking og vi driver med bålfyring osv. Vi har etter kvart bygd oss opp gode arenaer for å kunne drive på med dei ulike aktivitetane. Som nemnt tidlegare så forgår jo stort sett all undervisninga utandørs hjå oss, der me har fokus på fysisk aktivitet og det at elevane skal få gjera ting, og ikkje berre vera passive tilhøyrarar. Når det gjeld rekruttere og behalde så har jo kommunen vore til stor hjelp med tilrettelegging for dei tilsette på leirskulen slik att dei kan ha ei delt stilling mellom leirskulen og dei ulike skulene slik att dei har fått den stillingsstorleiken dei har ynskja. Vi har jo og eit evalueringsmøte med dei lærarane som har vore på besøk her før dei reiser heim. Det er ein veldig fin måte å få tilbakemelding på korleis dei ulike aktivitetane har fungert både for elevane og dei vaksne. Fortsetje med å ha praktisk tilnærming på aktivitetane og la elevane oppleve mykje meistring gjennom aktivitetane. Ta omsyn til dei som treng litt ekstra tilrettelegging, slik att dei kan delta på same måte som dei andre elevane Det er og viktig att dei får det ansvaret det er med å ha eigen hytte å ta vare på. Vi kjem og til å ha stort fokus på att elevane som besøker oss skal sitja att med mykje læring både sosialt og i forbindelse med aktivitetane. Leirskulen skal vera ein arena for absolutt alle.»
--	--

2.3. Kort om Familiens hus, ein av våre samarbeidspartar

Familiens hus	«Oppvekstreforma frå 2022 pålegg oss å jobbe tidlegare inn og samarbeide betre rundt born, unge og familiar. Familiens hus har tenestene: pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), logoped, svangerskapsomsorg, helsestasjonstenester, psykisk helse born og unge, ungdomslos og barnekoordinator. Tenestene i familiens hus er plassert i helse og omsorgssektoren, men jobbar i tett samarbeid med oppvekst. I 2024 har vi jobba for å vidareutvikle systemarbeidet og primærkontaktarbeidet vårt ut i mot barnehagar og skuler. I barnehagane har me hatt særleg fokus på inkludering og lek. I skulene har me litt ulikt fokus utifrå kva dei ulike skulene treng. Me har fokus på å få til gode system for å jobbe med tidleg innsats etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats – modellen). Rett hjelp på rett nivå. Familiens hus har satt tre team: - Småbornsteam: Jobbar med born frå 0-5 år. Teamet består av jordmor, helsesjukeleiar, pp-rådgjevarar, psykisk helse born og unge og logoped. - Barneskuleteam: Jobbar med born frå 6-12 år, og er knytt opp mot born og familiar i barneskulealder. Teamet består av helsesjukepleiar, pp-rådgjevar og psykisk helse born og unge.
---------------	---

	- Ungdomsteam: jobbar med born og unge frå 13-25 år. Teamet består av helsesjukepleiar, pp-rådgjevar, psykisk helse born og unge og ungdomslos. Hovudfokuset er på ungdomsskule, men jobbar med ungdom og familiane deira også i vidaregåande alder og inn i vaksenlivet. I teama jobbar vi tverrfagleg for å heve kompetansen i drøftingane, samt få eit meir heilheitleg blikk. I tillegg til å jobbe på tvers av teama der det er hensiktsmessig. Helsesjukepleiarane, pp-rådgjevarane og ungdomslos bruker no meir tid ute i barnehagar og skuler for å ha eit meir forebyggjande og styrkande fokus. Målet er at dette skal styrke den inkluderande praksisen og barnehagar og skuler skal få eit tilfang av veiledning og fagfokus som kan føre til styrking av nærverssskulen. PPT er aktiv deltakar og er med og driv kompetanseløftet for inkluderande praksis i Ål i lag med oppvekstsektoren. Familiens hus er aktiv i mange saker rundt born og unge med store og samansette behov. Dette er viktig. Vi ynskjer å komme endå tidlegare inn for å jobbe forebyggjande og styrkande i lag med barnehagar, skulene, introtenesta og familiane. Dette er ei satsing i tida som kjem.»
--	---

2.4. Fakta om kulturskulen, Ål introsenter og Hallingdal leirskule

Ål kulturskule	291 elevplassar fordelt på 214 individuelle elevar. 12 lærarar (inkl. rektor) i hovudsak i deltidsstillingar (5,15 stillingsheimlar). Disiplinar: teater, dans, yoga, slagverk, song, piano, hardingfele, fiolin, Kvedarrekrutten, toradar, gitar, bass, visuell kunst, elektronisk musikkproduksjon og sceneteknikk. Rektor administrerer også «Den kulturelle skulesekken» i kommunen.
Ål Introsenter (Vaksenopplæring og flyktingeteneste)	«Ål introsenter består av to team og held til på Ål kulturhus. <u>Busetting og inkludering:</u> I perioden 2022-2024 var det busett 180 flyktningar i Ål kommune. I 2025 er det vedtak om å busette 20 flyktningar, inkludert to einslege mindreårige flyktningar. Teamet har 6 stillingar (tre faste, tre mellombels), som har ansvar for å etablere og følgje opp busette flyktningar, og for å organisere og følge opp introduksjonsprogrammet. <u>Norskopplæring:</u> Ansvar for undervisning i norsk og samfunnskunnskap for vaksne busette flyktningar, familiesameinte og arbeidsinnvandrarar frå Ål og Hol. Teamet består av teamleiar, samt 7 lærarar. Ein lærar har avsett 20% av stillinga til karriererettleiing. Det er fokus på praksisnær og arbeidsretta undervisning, som blant anna bransjespesifikke valfag. Det er også utvikla digitale undervisningstilbod for at elevane skal kunne kombinere norskopplæring med jobb. Elevtalet ligg på om lag 75 elevar. I tillegg har avdelinga ei leiarstilling i 100%.»
Hallingdal leirskule	Leirskulen har ca. 1800 elevar innom i løpet av eit skuleår. Dei har besøk av skuler ifrå Bærum, Oslo, Færder, Sandefjord og Ågotnes

	kommune. Leirskulen har 4 lærarar som tilsaman har 310% inkl. rektoradministrasjon i 20% stilling.
--	--

3. Elever og lærarar

3.1. Tall elevar

Tabellen syner oversikt over tal på elevar ved skulande fordelt etter årskull for 2024-2025. For 2024-2025 er Skattebøl skule mellombels lagt til Nedre-ål skule, difor ingen tal her:

Skulane i Ål	1	2	3	4	5	6	7	Sum			
Nordbygdene skule	7	7	2	9	7	5	9	46			
Nedre-Ål skule	13	43	29	30	33	35	31	214			
Skattebøl skule	-	-	-	-	-	-	-	-			
Torpo skule	6	8	4	7	5	7	9	46			
									8	9	10
Ål ungdomsskule									168	60	52
SUM									306		

Tala er henta frå GSI innrapportering 01.10.2024

Elevtalsutvikling sidan 2019:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Elevtal	558	550	520	528	521	474

Tala henta frå GSI.

Mottaket på Torpo som var drifta over fleire år blei lagt ned i 2017. Våren 2022 blei det oppretta mottak i Skarslia som drifta fram til 20. januar 2024. Januar/februar 2024 og fram til og med juni 2024 blei det starta opp mottak på Torpo att. Dei to siste driftsperiodane med mottak var hovudsakleg for å ta i mot flyktningar frå Ukraina.

Eigenvurderinga til eigar

Ål kommune hadde utfordringar med å skalere oppatt drift og kompetanse rundt det å ta imot flyktningar, og det er positivt at det nå er lagt ein fast ressurs i budsjettet til arbeid med flyktningar. Dette gjer Ål introserter, som er sett til å handtere mottak av flyktningar, mindre sårbar ut i frå tal flyktningar.

Som ein del av mandatet Oppvekst 2030 har oppvekstsektoren sett i gang eit arbeid der målet er å rigge sektoren til ei framtid der sektoren blir meir robust for dei økonomiske utfordringane vi står overfor, dessutan utfordringa ift. bemanning. Dette inneber å skapa meir robuste avdelingar gjennom didaktisk og pedagogisk utvikling i profesjonen og særleg gjennom nye meir fleksible organisasjonsformer. Dette arbeidet pågår allereie, og sektoren har tatt konkrete grep som t.d. profesjonsfellesskap i nettverk på tvers av dei små skulene i kommunen. Målet er i seg sjølv ikkje å redusere talet på fagprofesjonelle i sektoren, målet er at bemanninga i sektoren svarer til behovet i sektoren. Utfordringa per i dag er likevel at sektoren ikkje klarar å rekruttere nok fagprofesjonelle til sektoren (barnehage og skule), særleg fagprofesjonelle med formell kompetanse. Administrasjonen vurderer at rekruttere og behalde personell vil bli ei utfordring for sektoren dei komande år. Difor er det viktig å utvikle organisatoriske, pedagogiske og didaktiske løysingar som kan gjere sektoren robust til å møte framtida.

3.2. Lærertettleik

Lærartettleiken for skulane i Ål er slik for 2024-2025 avrunda til ein desimal og samanlikna med fylke og nasjonalt. Tala syner kor mange elevar det er i gjennomsnitt per lærar i skulane:

	1.- 4. trinn	5.- 7 trinn	8.-10.trinn	Totalt
Nedre-Ål skule	12,4	12,7		12,6
Nordbygdene skule	8	7,2		7,7
Torpo skule	8,1	8,1		8,1
Ål ungdomsskule			13,5	13,5
Ål kommune	7,2	10,6	13,5	11,5
Buskerud	13,5	16,6	18,1	15,8
Nasjonalt	13,6	16,1	17,7	15,6

Tal frå GSI 01.10.2024

Oversikt tal elevar og lærar på trinn pr. 01.10.2024						
	1.-4. trinn		5.-7. trinn		8.-10.trinn	
	Elev	Lærar	Elev	Lærar	Elev	lærar
Nedre-Ål skule	115	14	99	16		
Nordbygdene skule	25	5	21	3		
Torpo skule	25	4	21	5		
Ål ungdomsskule					168	33
Sum	165	23	141	24	168	33

Tal frå GSI 01.10.2024

Dei tre tabellane under syner lærartettleiken dei siste tre åra for dei ulike årstrinnsbolkane for Ål:

Lærertetthet i ordinær undervisning 1.-4. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

Lærertetthet i ordinær undervisning 5.-7. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7. trinn

Lærertetthet i ordinær undervisning 8.-10. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 8.-10. trinn

Eigenvurdering til eigar

Tabellane over syner tal elevar per lærar i ordinær undervisning dei siste tre åra. For 2024-2025 har tal elevar per lærar auka i 1.-4.trinn, medan det for 5.-7. trinn og ungdomsskulen har blitt færre elevar per lærar. Ål kommune har samanlikna med andre kommunar i same storleik ein høgare lærartettleik. Ål kommune har i 2024-2025 to fådelte barneskular (Torpo og Nordbygdene), då Skattebøl skule er mellombels lagt ned inneverande skuleår, og Nedre-ål skule som ein fulldelt barneskule. Uavhending av tal elevar på eit trinn eller gruppe må ein ha ein kontaktlærar. Variasjonen mellom dei tre åra tilskrivast variasjon i elevtalgrunnlaget. I Strategidokumentet Oppvekst 2030 er ei av faktorane som kan vere med å rekruttere og behalde å fremme to-kontaktlærarordning for elevgruppe/trinn over 16 elevar.

Fleire studiar viser at høg lærartettleik i seg sjølv ikkje gir høgare kvalitet og læringsutbytte i undervisninga eller høgare trivsel blant elevane, men kan vere ein medverkande faktor. NIFU sin evaluering peikar på at det vil vere andre faktorar enn ei lærarnorm som har effekt på læringsutbytte, som mellom anna bevisst organisering av undervisninga med fokus på pedagogiske og didaktiske målsettingar. Men det er nødvendig å ha nok kvalifisert personell til å gjere dei oppgåvene som blir gitt oppvekstsektoren nasjonalt og lokalt ([Evaluering av norm for lærertetthet: Sluttrapport](#)), ([Relasjonsorientert praksis og stabile læringsfellesskap - kontekstuelle og relasjonelle forhold i klasserom på skoler med lite atferdsproblemer](#)).

Forskning, innovasjon og kompetanseutvikling i skolen (FIKS) ved Universitetet i Oslo har sett på korleis god kvalitet på profesjonsfellesskapet har større effekt på eleven sitt utbytte av undervisning og trivsel enn tal på lærarar. Det er særleg to faktorar som har effekt på eleven sitt utbytte: 1. *Læraren sin faglege oppdatering*, - dvs. å halde seg fagleg ajour og endre praksis i takt med ny viten og forskning. 2. *Strukturen og godt læresamarbeid*, - med andre ord eit godt profesjonsfagleg fellesskap. Godt læresamarbeid påvirkar eleven sitt læringsutbytte og trivsel. Nokre forskingsresultat viser at nokre profesjonsfellesskap har negativ effekt på eleven sitt læringsutbytte og trivsel, og det er profesjonsfellesskap der ein har slutta å stille kritiske spørsmål til undervisningspraksisen. I 2020 kom nytt læreplanverk for grunnskulen kalla Kunnskapsløftet (LK20) med overordna del og læreplanar for fag. Eitt av prinsippa for god skulepraksis er utvikling av eit godt profesjonsfagleg fellesskap ([Webinar: Profesjonsfellesskapet - en motor for faglig utvikling?](#) 10.mai 2021, Trodsmo, E.)

Sektoren er i gang med å arbeidet for å fremme godt profesjonsfagleg fellesskap på alle nivå i sektoren, for å reflektere og evaluere eigen praksis opp mot ny viten og forskning. Det har vore sett i gang eit profesjonsfagleg fellesskap mellom dei små skulane i noko av utviklingstida, og ein jobbar vidare me å sjå på korleis ein kan vidareutvikle samarbeidet slik at tilsette opplev nytteverdien av eit profesjonsfellesskap, i tillegg til å jobbe med profesjonsfagleg fellesskap på alle nivå i sektoren.

3.3. Undervisningspersonal

Oppvekstsektoren i Ål kommune har ei klar målsetting om at all undervisning, - ordinær undervisning, undervisning i alternative læringsarenaer og spesial pedagogisk undervisning, skal bli


tatt vare på av tilsette med godkjend utdanning. Ny opplæringslov gjeldane frå 01.08.2024 skjerper utdanningskravet om relevant lærarutdanning for tilsette som tilsettes i lærarstilling, jf. Oppll. § 17-6 og opplæringsforskriften §§ 12-1,12-13. Men lov/forskrift gir heimel for å tilsette midlertidig, 1 år, om ingen søkarar oppfyller kompetansekrava for tilsetting. Lærar må vere kvalifisert til å jobbe i 1.-7.trinn eller i 5.-10.trinn, for å få stilling som lærar i desse aktuelle trinna.

Lærarutdanningssystemet blei endra frå hausten 2017 for å imøtekomme abisjonane i Læreplanverket for Kunnskapsløftet (LK20) også populært kalla fagfornyinga som er namnet på sjølve prosessen med omstilling til nytt læreplanverk. Lærarutdanning gjekk frå å vere ei 4-årig utdanning (adjunkt) der ein var kvalifisert til å jobbe på alle trinn frå 1. – 10.trinn, til å bli ei 5-årig masterutdanning der ein blei kvalifisert til å jobbe innanfor spesifikke alderspenn. Nå blir ein anten utdanna som Grunnskulelærer 1.-7., der ein er kvalifisert for å jobbe i 1.-7.trinn i grunnskulen, eller som Grunnskulelærer 5.-10. der ein er kvalifisert for å jobbe i 5.–10.trinn. Det er i tillegg stilt kompetansekrav for lærar som skal undervise i basisfaga matematikk, norsk og engelsk, der ein i 1.-7.trinn må ha 30 studiepoeng (tilsvarar ½ årsstudium) og for å undervise i 5.-10.trinn må ha 60 studiepoeng (tilsvarar 1 årsstudium) for å undervise i basisfaga.

Nasjonalt er det låg rekruttering til lærarutdanninga samanlikna med behovet ute i kommunane. Dei nye kompetansekrava for å undervise i fag på dei ulike trinna er bra ut ufrå dei nasjonale måla om å ha høgt kvalifiserte lærarar, men skapar også nokre utfordringar for mindre kommunar og små skular då utdanna lærarar ikkje er kvalifiserte til å jobbe på alle trinn.


Grafane under syner kor mange som underviser i grunnskulen (assistentar er ikkje inkludert). Lærarar er definert som undervisningspersonell. Tal frå GSI 01.10.2024:

Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Årsverk for undervisningspersonale, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Andel årstimer gitt av personale med godkjent utdanning, Kommunal, Alle kjønn, Alle trinn

Tabellen under syner årsverk til undervisningspersonell som oppfyller og ikke oppfyller kompetansekrav for 2024-2025 (Tabell 1):

Berekna årsverk til undervisningspersonale, i stillingsprosent (1 årsverk = 100)

Skal bereknast på bakgrunn av årstimar frå ramme B etter formelen årstimar/741 for barnesteg og årstimar/656 for ungdomssteg.

			Årsverk i stillingsprosent				
Årsverk til undervisning, i stillingsprosent, gitt av...			1.-4. årssteg	5.-7. årssteg	Sum 1.-7. årssteg	8.-10. årssteg	Sum 1.-10. årssteg
5	undervisningspersonale som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing, jf. opplæringslova § 17-3 og privatskolelova § 4-2	GK	1 551	1 409	2 960	2 218	5 178
6	undervisningspersonale som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing, jf. opplæringslova § 17-3 og privatskolelova § 4-2	GK	292	298	590	236	826
7	Sum berekna årsverk til undervisning, i stillingsprosent (linje 5..6)	GK	1 843	1 707	3 550	2 454	6 004

Tabellen under (Tabell 2) syner *tal på lærarar* som oppfyller og ikke oppfyller kompetansekrava for tilsetjing inneverande år. Assistentar som utfører undervisningsoppgåver blir ført som «ikke oppfyller kompetansekrav»:

		1.-7. årssteg	8.-10. årssteg	Sum 1.-10. årssteg
Talet på lærarar som oppfyller kompetansekrava for tilsetjing, jf. opplæringslova § 17-3 og privatskolelova § 4-2	GK	38	28	66
Talet på lærarar som ikkje oppfyller kompetansekrava for tilsetjing, jf. opplæringslova § 17-3 og privatskolelova § 4-2	GK	9	5	14

Eigenvurderinga til eigar

Ål kommune står i same situasjon som resten av Noreg; det er ei utfordring å rekruttere og behalde tilsette med godkjend utdanning. Det er på landsbasis ca. 4500 lærarar, og nedgang i opptak til lærarutdanning. All erfaring syner at distrikta blir hardast råka. Vi såg sjølv i rekrutteringsprosessen at unge nyutdanna lærar føretrekte større fagmiljø og søkte seg til dei større einingane i kommuna.

Sektoren har per i dag ikkje nok tilsette med godkjend lærarutdanning. Dette kjem av at ein ikkje har nok lærar og samtidig kan det vere tilsette som ikkje har rett kompetanse i høve til alderstrinnet dei underviser på. Ål kommune har dei siste åra fått færre årsverk med tilsette som har godkjend lærarutdanning, og ei auke i tilsette utan godkjend utdanning som utførerer undervisning. For 2024-2025 ser med av «Tabell 1» at det er 2969 årsverk (1 årsverk =100) på 1.-7.trinn som har godkjend utdanning, mot 4120 årsverk i 2021-2022. Andelen lærar utan godkjend utdanning har auka for 1.-7.trinn frå 20 årsverk i 2021-2022 til 426 årsverk i 2024-2025. For ungdomsskula 8.-10. trinn har tal med godkjend utdanning halde seg stabilt med 2218 årsverk for 2024- 2025 og 2460 årsverk i 2021-2022, det same gjeld for dei med ikkje godkjend utdanning med 377 årsverk i 2021-2022 til 236 årsverk i 2024-2025.

Tilsette med anna utdanning må ta på seg oppgåver særleg knytt til enkeltelevar og /eller mindre grupper av elevar og anna undervisning på lik line med tilsette med godkjend lærarutdanning. Sektoren jobbar målretta på tvers av avdelingane, i samarbeid med HR-avdlinga og Bu-og blilyst-prosjektet for å rekruttere og motivere personar med godkjend lærarutdanning til å søke til og bli i kommunen.

Regjeringa har dei siste vekene også kome på banen for å sjå om dei kan gjere noko med sjølve lærarutdanninga for å kunne rekruttere fleire studentar og behalde dei i yrke etter endt utdanning. Dette gjeld både kvalifiseringsordninga, innholdet i utdanninga og overgangen inn i yrkeslivet ([Nordtun og Aasland foreslår endringer i lærerutdanningen](#), i Aftenposten 5.3.2025)

Strategidokumentet Oppvekst 2030 peikar på nokre faktorar som vil vere viktige for å kunne rekruttere og behalde tilsette. Dette er å kunne ha to-kontaktlærerordning for elevgrupper større enn 16 elevar, kunne tilby gode vilkår for etter- og vidareutdanning og ei mentorordning for nyttilsette. Oppvekstsektoren er saman med HR-avdelinga allereie i gang med å sjå på vilkår for kompetanseheving for tilsette i sektoren, og det å kunne utdanne eigne tilsette. Vidare har kommunen vore med på og er med på eit samarbeid om å tilby etterutdanning i basisfaga matematikk, norsk og engelsk, saman med hallingdalskommunane og universitet- og høgskuletilbydar. Dette samarbeidet har gjort at tilsette i Ål har kunne tatt etterutdanning i Hallingdal for å oppfylle dei nye kompetansekrava for å undervise i basisfaga.

Oppvekstsektoren i Ål har vedteke ei mentorordning for nyutdanna nyttilsette med nedsett undervisningsplikt som varer i 2 år, som er eitt ekstra år samanlikna med nasjonale retningslinjer. Veiledningsordningen for nyutdannede lærer blei inisiert våren 2017 frå Stortinget, men hadde allereie vore eit samarbeidsprosjekt frå 2010 (lærarar) og 2011 (barnehagelærarar) mellom arbeidsgiverorganisasjonen (KS) og Kunnskapsdepartementet (KD) [veiledning-av-nyutdannede-nytilsatte-larere-i-barnehage-og-skole_oppdateret-2021_10.pdf](#). Nokre avdelingar har i tillegg ulike ordningar for mentorordning for nye tilsette internt. Dette er eit arbeidspunkt som sektoren bør

jobbe vidare med, for å sjå om ein kan sette ting meir i system og prioritere ressursar til utdanning av mentorar og tid til veiledning.

4. Læringsmiljø


4.1. Elevundersøkelsen

Gjennom strategidokumentet Oppvekst 2030, kommuneplanen 2015-2027, kommunen sin visjon “Open - Grundig – Modig” og oppvekstsektoren i Hallingdal sin visjon “Livsmeistring i eit inkluderande læringsmiljø” legg alle føringar for å skape eit trygt og inkluderande oppvekstmiljø der alle lærer å ta ansvar, vise respekt og ha omsorg for kvarandre.

Alle som veks opp i Ål skal bli flygedyktige og rotfaste. I eit inkluderande oppvekstmiljø der alle ser og blir sett, får kvar enkelt kraft til å meistre eigne liv. Vi skal stimulere ressursane og styrkane hos barn, unge og vaksne, med fokus på meistring, motivasjon, nysgjerrigheit, fellesskap, glede og læring (Oppvekst 2030)


Elevundersøkinga er ei årleg undersøking der elevane får seie kva dei meiner om ting som er viktig for læring og trivsel på skulen. Elevane svarer på spørsmål om trivsel, mobbing, miljø, motivasjon og hjelp frå lærar. Dette hjelper skulen med å sjå kva dei gjer bra og kva dei kan bli betre på.

Elevundersøkinga 7. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn

Elevundersøkinga 10. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn

Eigenvurderinga til eigar

Ser ein på elevundersøkinga for 7. og 10.trinn i Ål kommune ser ein ei auke i oppleving av *støtte frå lærar* og positiv *læringskultur*. Skulane viser til at det er fleire faktorar som kan ha bidratt til dette mellom anna tryggare elevgruppe, lærarar jobbar med relasjonskompetanse og at elevane med høg status trekk elevgruppa i positiv retning. Vidare trekk ein fram at enkelte elevgrupper har fått ein god kultur for å ville prestere og meistre, i tillegg til vaksne som er tydelege og gode på framovermeldingar overfor elevane.

For begge trinna er det også ei auke i oppleving av *elevdemokrati og medverknad*. Dette viser at vi har blitt meir bevisst på dette i alle samanhengar som gjeld barn og unge, i tillegg til at det har kome tydelegare fram i ny opplæringslov frå 01.08.2024. Dei ulike elevgruppene si modning i å kunne få og ta val spel også inn.

Ut frå rapporteringa viser sektoren at ein har blitt betre på *vurdering for læring*, og ei skule viser til at dei bevisst har jobba systematisk med vurdering for læring på 7.trinn.

Samla sett ser det ut til at elevane har opplevd skuleåret som positivt, men at ein også ser at variasjonane frå år til år avheng òg av elevgruppa.

4.2. Mobbing på skulen

Alle har rett til ei trygg skulekvardag, og målet til Ål kommune er å skape ei mobbefri skule.

Mobbing på skulen i prosent viser kor mange elevar som opplev å bli mobba minst to eller tre gonger i månaden, men seier ikkje noko om kor ofte dette skjer totalt sett. Låg prosentandel i tabellane syner at det er lite mobbbing i skulen, og motsett. Er det under fem stykk som svarar blir talet prikkja og blir ikkje vist.


Det er viktig å sjå desse resultatata frå Elevundersøkinga i samanheng med andre ting vi veit om kva det vil seie å vere elev på skulen. Kanskje har det skjedd episodar like før undersøkinga som påvekrer svara til elevane? Er miljøet til elevane generelt bra, eller veit vi om at nokon plagar andre. Det er viktig at mange blir involvert når me skal tolke og følgje opp resultatata. Skulen bør ha ein plan for kven som skal vere med i dette arbeidet. Utdanningsdirektoratet seier at alle som bryr seg om resultatata bør bli involvert. Dette betyr at elevane, lærarane, føresette bør vere med å tolke og følgje opp resultatata.

Tabellen under syner oversikt over prosentandelen av elevar i heile landet som føler seg mobba:

Nasjonalt	7.trinn	10. trinn
2021(-2022)	7,9	5,7
2022 (-2023)	9,9	7,4
2023 (-2024)	12,8	10,9
2024 (-2025)	12,3	10,6


Under kjem grafar på prosentdel elevar som føler seg mobba på skulen i Ål:

Mobbing på skolen 7. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn

Mobbing på skolen 10. trinn



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn

Eigen vurderinga til eigar

Der er store forskjellar frå år til år når det gjeld data om mobbing. Nokre år opplev under fem elevar mobbing i ulik grad. Desse data blir haldne borte frå offentleg innsyn – det er dei data som er markert med ei stjerne.

Kva som er grunnen til dei store forskjellane i mobbetalla frå år til år er vanskeleg å seie noko konkret om. Dei ulike årgangane er forskjellige, og tilhøyringheit og fellsskapskjensle ved den enkleste årgang er forskjellig frå år til år. Det kan også her vere forhold utanfor skulen som har negativ effekt på elevane sine svar. Det kan vere forhold på dagen eller få dagar før som har effekt på svara til elevane, slik som sosiale medier og/eller på fritidsaktivitetar. Det er med andre ord, og som tidlegare omtala, mange forhold som kan spele inn på resultatene av undersøkinga og dermed på datasettet.

Mobbetala for heile landet har halde seg stabilt dei to siste åra for både 7. og 10. trinn. For 2024-2025 er mobbetala i Ål for 7.trinn (13%) litt høgare enn landsgjennomsnittet, medan det er markant lågare for 10.trinn (2%). Me ser at det i 2017-18, 2019-20 og 2021-22 for 7.trinn er under 5 elevar som har svart at dei blei mobba på skulen. For 10.trinn var det i 2018-2019, 2019-2020, 2020-2021 og 2023-2024 under 5 elevar som svarte at dei blei mobba. Dette er eit konkret bilete på kor ulike årgangane er. Det tyder på at desse årgangane har hatt større tilhøyringheit og/eller fellesskap, der det var rom og plass for alle elevar. Når vi ser årets resultat opp mot dei føregåande åra er det markant betre. Ut frå attendemeldingar frå skulane er elevgruppene generelt meir tolerante og inkluderande, og ein har jobba med å skape eit godt læringsmiljø. Ungdomsskolen fortel at dei jobba målretta med språkbruk, inkludering og kor grensene går sidan 8.trinn, i tillegg til samarbeid med ei ressursstrek foreldregruppe.

Sektoren jobbar alltid for at alle elevar skal kjenne seg trygge på skulen. Mange tiltak er på gang i sektoren, og administrasjonen vurderer at sektoren er på rett kurs ift. tiltak sett i gang. Administrasjonen orienterer og drøftar jamleg utviklinga i sektoren med SUKO.

5. Spesialpedagogisk innsats

Ny opplæringslov trådte i kraft 01.08. 2024 og erstatter lova frå 1998. Det har blitt ny inndeling i kapittel med tilhøyrande paragrafar og endring av omgrep. Loven tydeleggjer at barnet sitt beste skal vere eit grunnleggjande omsyn ved handlingar og avgjersler som gjeld barn og unge. Dei største endringane finn ein under spesialundervisning, tidleg innsats og rolla til pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

Omgrepet «spesialundervisning» med tilhøyrande paragraf § 5-1 er erstatta. Nå er omgrepet og paragrafen delt inn i 3 nye paragrafar:

- §11-6 «individuell tilrettelagt opplæring», for dei som ikkje får tilfredsstillande utbytte av ordinær undervisning. Denne er den same som den gamle §5-1 om spesialundervisning.
- § 11-4 «personleg assistanse», for dei som treng litt hjelp for å kunne delta i undervisning.
- § 11-5 «fysisk tilrettelegging», for dei som treng tekniske hjelpemiddel og fysisk tilrettelegging.

All type spesialpedagogisk hjelp blei før tildelt under same paragraf, men frå aug. 2024 nyttar ein ulik paragraf etter behovet. Nå blir hjelpa delt inn i praktisk hjelp og/ eller hjelp i forhold til «ikkje utbytte av ordinær opplæring». Med denne lovendringa vil ein mest truleg få ei nedgang i «individuell tilrettelagt opplæring» i forhold til før 2024, men elevane sine behov vil uansett vere dei same berre at ein tel det på ei anna måte.

Omgrepet «Tidleg innsats» (§1-4) er nå erstatta med «intensiv opplæring» (§11-3). Lovendringa presiserer handlingsrommet skulen har innan for 1.-4.trinn for å kunne gi tilpassa og intensiv opplæring utan vedtak om spesialpedagogisk hjelp i botn. Den intensive opplæringa skal vere ein del av den ordinære opplæringa og er kjenneteikna av ei kortvarig og målretta innsats i t.d. lesing, skrivning og rekning. Eleven skal ikkje ha avvik frå kompetansemåla i læreplanverket.

Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) (§11-13), er nå PP-tenesta sine oppgåver knytt til *systematisk og førebyggjande arbeid* tydeleggjort og presisert i nytt lovverk. Det er færre krav om sakkyndig vurdering som følgje av oppdelinga av den gamle «spesialundervisninga» som kravde sakkyndig utredning. Nå er det berre krav til sakkyndig utredning frå PPT der ein skal ha «individuell tilrettelagt opplæring». Kravet om utredning av saka før ein fattar vedtak for dei andre paragrafane fell nå i staden på rektorane/styrane.

Under viser tabellen oversikt over status på saker for Ål hos PPT og logoped:

Status saker PPT og Logoped 01.08.2024-08.04.2025	PPT	Logoped	Audio- pedagog	Totalt
Alle aktive saker	143	28	2	173
Oppfølgingssaker	103	28	2	133
Nye tilmeldingar 2024/2025	25	8	0	33
Re-tilmeldingar	16	0	0	16

«Alle aktive saker» viser saker med sakkyndig vurdering og oppfølgingssaker.

«Oppfølgingssaker» handlar om elevar som har rett til spesialundervisning. For at PPT skal kunne følge opp saka etter vedtaket er fatta, må skulen/ barnehagen og føresette ønske det. Oppfølging inneber både pedagogiske tiltak og deltaking på møter om barn/elev. Utan denne avtala har ikkje PPT lovheimel til å handle etter at eit vedtak er gitt. Mange kommunar gir ikkje ekstra tenester etter vedtak. Difor gjer vi i Ål kommune meir enn kva lova krev i desse sakene. Oppfølgingsarbeidet er ei blanding av systemarbeid og individuelle tenester.

«Nye tilmeldingar 2024/2025» tel alle saker som er *tilvist* til PPT for ei sakkyndig utgreiing. Det er normalt at PPT på våren, siste halvdel av andre semester, får inn mange nye tilmeldingar, som tel med i totalsummen for skuleåret. Pr. 08.04.2025 er det registrert 25 nye til meldingar for skuleåret 2024-2025.

«Re-tilmeldingar» er berre tilmeldingar knytt til spesialundervisning, og opplæringslova § 5-1 som nå er erstatta i ny lovendring frå 01.08.2024. Tilmeldingar i høve logoped og audiopedagog blir ikkje re-tilmeldt, men blir eventuelt meldt inn på nytt for nytt driftsår.

Ein elev kan bli telt i fleire kategoriar i tabellen. Ein elev kan til dømes telles med i «nye tilmeldingar» og samtidig telle med i «oppfølgingssaker», og vil dermed ha to «saker/kategoriar». Når den sakkyndige vurderinga er skreve er saken avslutta frå PPT og tel inn i kategorien «nye tilmeldingar». Men ofte får også eleven ei «oppfølgingssak» som gir PPT mandat til å følgje opp vedtak i samarbeid med skule og heim på til dømes samarbeidsmøte, rettleiing, tilrettelegging og tiltak i skulen.

Tabellen under syner oversikt over tal elevar med spesialpedagogisk undervisning og prosentdel runda til ein desimal for 2024-2025:

2024-2025	1.-4. trinn spes.ped/elevar (%)	5.-7. trinn spes.ped/elevar (%)	8.-10 trinn spes.ped/elevar (%)
Ål	22/165 (13,3%)	19/141 (13,5%)	33/168 (19,6%)
Buskerud	652/11238 (5,8%)	946/9081 (10,1%)	1010/9681(10,4%)
nasjonalt	12024/239728 (5,0%)	17786/189995 (9,4%)	20737/201646 (10,3%)

Eigenvurdering til eigar

Ål kommune ligg framleis høgt i prosentdel for elevar som treng spesialpedagogisk hjelp. Lovendringa i opplæringslova viser at me ikkje for inneverande år har nokon merkbar endring i tal vedtak på «individuell tilrettelagt opplæring», då dei fleste vedtak for skuleåret 2024 – 2025 blei vedteke før lovendringa trådde i kraft. Der er mange og samansette årsaker som gjer at vi har høge tal. Uansett korleis ein tel og reknar vil elevane sine behov vere reelle utifrå kontekstuelle og individuelle forhold. Sektoren arbeider og utforskar fleire moglege måtar å drive opplæring på som varetek barn og unge sin nysgjerrigheit, kreativitet, motivasjon og læringsglede. Sektoren ønsker å utforske nye og innovative organisasjonsformer og utforske kva og korleis ein kan nytte alternative læringsarenaer. Vidare arbeider vi med målsetningane i Oppvekst 2030 om å få meir lek, leikprega læring og praktisk læring i opplæringa.

PP-tenesta i Ål blei oppretta som eige kommunal teneste frå 1. januar 2024, etter at Hol kommune sa opp samarbeidsavtala 1. november 2022 med eitt års oppseiingstid. Oppvekstsektoren hadde fått ei rapport frå Kommunerevisjonen februar 2022 på «Tilpassa opplæring og spesialpedagogikk» som peika på ein del forbedringspunkt. I lys av dette vedtok politikarane i Ål at PP-tenesta i Ål skulle få behalde stillingsheimlane sine frå før oppdelinga av PPT Ål og Hol, for å kunne vere i posisjon til å jobbe meir førebyggjande og systemretta saman med barnehage og skule inn mot barn og unge og deira familiar. PPT Ål blei langt under Familiens hus der tenestene helsestasjonen, psykisk helse barn og unge, ungdomslos, logoped og barnekoordinator høyrer til. Familiens hus med PP-tenesta og oppvekst vidareutviklar samarbeidet for meir førebyggjande og systemretta arbeid for å styrke inkluderande praksis og spesialpedagogikk. Vi har saman utforma nokre overordna mål for samarbeidet:

- *Samarbeid på systemnivå* – praktisk samarbeid til beste for barn og unge, førebygge og følgje opp.
- *Profesjonsfagleg fellesskap* – reflektere, analysere og evaluere eigen praksis på individ- og systemnivå. Fremme anerkjennande undersøking, nytte verktøy/arbeidsmåtar som m.a. appreciative inquiry, positiv praksisfortelling, pedagogisk analyse m.m.

Vi ser allereie positive effektar av det tette samarbeidet med tenestene i Familiens hus og PPT, og dei ressursane som blei tildelt PPT. Barnehagane og skulane melder om at dei får raskare og tettare veiledning og oppfølging i det pedagogiske arbeidet, med barnegrupper og enkeltindivid. Skulane melder om at dei har blitt betre til å sette inn og vurdere interne tiltak før tilmelding til PPT, i tillegg til å utvide forståinga for kva ein kan gjere innanfor tilpassa opplæring. Alle avdelingane har sine faste primærkontaktar frå PPT og helsestasjonen som jamleg er ute på avdelingane; vere i læringsmiljøet for observasjon, rettleiing, refleksjonspartnarar og oppfølging av system- og individualsaker. Viser vidare til Familiens hus og avdelingane sine eigne omtalar av samarbeidet s. 4 – 16.

6. Nasjonale prøvar 5. trinn

 *Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-23 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.*

Oppvekstsektoren ønsker nytte resultata/data frå nasjonale prøver ved å fokusere på prosentdelen på meistringsnivå for 5., 8. og 9. trinn i rekning, lesing og engelsk.

Meistringsnivå 1 er det lågaste nivået, meistringsnivå 3 og 5 er høgaste nivået.

Data om meistringsnivå kan blant anna vise oss:

- 1: vi klarer å løfte dei svakaste elevane slik at ein over tid frå færre elevar på nivå 1.
- 2: korleis fordelinga av elevane ligg i dei ulike nivå.


I all statistikk vil data for små skular og små kommunar vere sårbare for data vedrørande enkeltelevar eller små grupper av elevar. Éin enkelt elev som presterer svært godt eller svært

dårleg, vil påverke gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn på ein stor skule, og dermed òg på kommunenivå avhengig av storleik på kommunane. Det betyr at vi skal vere varsame med kva vi konkluderer på bakgrunn av desse tala: små kull der nokre elevar av naturlege årsaker slit med det faglege stoffet, vil synes i datasettet. Omvendt vil små kull, der elevane skårar høgt òg kunne vises av datasettet. Med andre ord må vi vere forsiktige når vi samanliknar gjennomsnitt basert på få elevar.

Rekning

Mestringsnivåer 5. trinn - regning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 5. trinn

Lesing

Mestringsnivåer 5. trinn - lesing

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 5. trinn

Engelsk

Mestringsnivåer 5. trinn - engelsk

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 5. trinn

Eigenvurderinga til eigar

UDIR byrja å måla data på ein ny måte frå 2022, og uttalar: "Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-23 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år." Det betyr at det er først for 2024-2025 at ein kan samanlikne med året før.

Vi ser ut frå dei to siste åra at det har vore ei auke i andel elevar på det lågaste meistringsnivået 1, og ei tilsvarande minking av andel elevar på det høgste meistringsnivået 3. Vi må hugse på at for små skular og små kommunar vil enkeltelevar og grupper av elevar ha stor effekt på taldata. Med andre ord er det vanskeleg å trekke konkrete konklusjonar ut frå desse data, men vi må vere nysgjerrige og analysere dei for å sjå om vi kan tolke og eventuelt konkludere noko ut frå dei. Sektoren i samarbeid med det politiske nivået bør i lys av dette vurdere i kva for grad resultat frå nasjonale kartleggingar skal prege utviklinga av sektoren.


7. Nasjonale prøvar ungdomstrinn

⚡ Frå 2022 startar måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-2023 kan difor ikkje direkte samanliknast med tidlegare år.

Regning

Mestringsnivåer 8. trinn - regning


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 8. trinn

Mestringsnivåer 9. trinn - regning

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Regning, 9. trinn

Lesing

Mestringsnivåer 8. trinn - lesing


Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 8. trinn

Mestringsnivåer 9. trinn - lesing

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.




Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Lesing, 9. trinn

Engelsk

Mestringsnivåer 8. trinn - engelsk

Fra 2022 starter måling av utvikling over tid på nytt. Resultatene fra 2022-23 kan derfor ikke direkte sammenlignes med tidligere år.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Nasjonale prøver, mestringsnivåer, Alle kjønn, Offentlig skole, Engelsk, 8. trinn

Eigenvurdering til eigar

“I 2023 oppdaget forskere fra Frisch-senteret at endringene i elevenes ferdigheter i perioden 2014–2021 var større enn Utdanningsdirektoratet har rapportert.

Resultatene gir ikke et presist bilde av hvordan elevenes ferdigheter har utviklet seg. Forskjellen er størst for engelsk, hvor elevene ser ut til å ha fått markert bedre ferdigheter i denne perioden. I lesing og regning ser det også ut til å være større endringer mellom år enn det som har blitt rapportert, men mindre enn for engelsk. Elevenes resultater sorteres i ulike mestringsnivåer, for å gi mer meningsfull informasjon, og støtte lærernes oppfølging av elevene. Elever som har ligget nær grensen mellom to mestringsnivåer, kan ha blitt plassert på feil nivå.” ([kjelde](#))

“I all statistikk vil resultat for små skoler og kommuner være sårbare for enkeltprestasjoner. Én enkelt elev som presterer svært godt eller svært dårlig vil påvirke gjennomsnittet mye mer på en liten skole enn på en stor skole». Med andre ord må vi vere forsiktige når vi samanliknar gjennomsnitt basert på få elevar. Uvissa knytt til gjennomsnittet fortel oss kor forsiktige vi bør vere i slike samanlikningar. «Alle gjennomsnitt blir publiserte med en usikkerhet, et intervall rundt gjennomsnittet (95% konfidensintervall). Desto flere elever gjennomsnittet er basert på, desto sikrere er på gjennomsnittet.” ([kjelde](#))

I år er første året ein kan samanlikne data frå 2023-2024 og 2024-2025 pga. tidlegare feil ved UDIR sin utrekningsmodell før 2023. Ein ser av datamaterialet at det er store forskjellar frå i fjor til i år på

enkelte ferdigheiter og meistringsnivå, og dette trur administrasjonen heng saman med variasjonen i elevkulla som kan gi store utslag. Sektoren vil dei komande åra sjå korleis den akademiske-faglege utviklinga går. Det er likevel viktig å minne alle om at resultat frå nasjonale prøver (NP) ikkje kan stå åleine, noko UDIR også påpeikar. Resultat frå NP er ein del av heilskapen i den faglege utviklinga for eleven, og resultatane krev som tidlegare omtala ei grundig analyse; sjølv sagt ei analyse opp mot kommunen sine mål for sektoren og dei nasjonale mål for oppvekstsektoren.

8. Grunnskulepoeng


Grunnskulepoeng blir rekna ut ved å legge saman alle karakterane frå vitnemålet og dividere summen med talet på karakterar. Deretter blir gjennomsnittet gonga med 10. Elevar som har færre enn halvparten gyldige karakterar blir ikkje med i utrekninga (Forskrift til opplæringslova § 6-26). ([kjelde](#))

Landsgjennomsnittet for 2023-2024 låg på 42,2 ([Grunnskulepoeng | udir.no](#)). Vi låg på 39,9 prosentpoeng i same periode.

Det er ein relativt stor forskjell mellom grunnskulepoeng for gutar og jenter. For 2022-2023 og 2023-2024 var forskjellen på 4 prosentpoeng på landsgjennomsnittet der jentene ligg høgare enn gutane. Tilsvarende forskjell mellom kjønna finn ein også i Ål der jentene (44,0) ligg 8 skalapoeng over gutane (36,0) for skuleår 2023-2024.

Grunnskulepoeng

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskulepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst. NB: Y-aksen starter ikke på null.



Ål kommune (EIER), Grunnskole, Grunnskulepoeng, Offentlig skole, Alle kjønn

Eigen vurdering til eigar

Strategidokumentet Oppvekst 2030 har mellom anna som mål å innføre meir lek, leikbasert og praktisk retta undervisning. Med utgangspunkt i målet om å skape ein meir praksisnær skule og undervisning, må vi drøfte korleis vi kan motivere gutane til læring utan at jentene mistar motivasjonen for læring. Vi er i gang med eit arbeid der vi styrker drøftingane i læringsfellesskapa ved den enkelte skule og på tvers av skulane. Dette skal inspirere til nye måtar å undervise på, der lek, leikbasert og praksisnær læring blir prioritert framfor den tyngre akademiske tilnærminga. Sektoren peiker sjølv på at vi manglar konkret kompetanse for å få til ein meir praktisk

tilnærming til undervisninga og vi manglar eigne læremiddel som støttar ein meir praktisk tilnærming til læring. Administrasjonen støttar opp om dette og meiner det er nødvendig å investere i både utvikling av didaktisk kompetanse og i konkrete læremiddel for å støtte denne pedagogiske tilnærminga. Regjeringa er òg på med intensiv i form av midlar kommunane kan søke på, noko vi gjorde inneverande år og kjem til å gjere for komande år.

Skuleåret 2024- 2024 hadde alle 1.trinn i Ål felles fokus på leik, leiken sin rolle som fundament for læring og sosial meistring, dessutan leikbasert læring. Skulane hadde drøfta ulike tiltak, og var klare med ulike konkrete tiltak ved oppstart haust 2024; t.d. å ta ut pultar og stolar for å gi rom og plass til leiken og den leikbaserte læring. Arbeidet med å samarbeide om felles rammer for mellom anna 1.trinn vil ein fortsette med vidare, samtidig som ein ser behov og moglegheiter lokalt.

9.Fråvær og gjennomføring

Målsettinga for sektoren er at alle elevane skal delta aktivt i undervisninga alle 190 skuledagar i året.

- I 2024 har elevane på 10. trinn sju dagar fråvær. Det er 4 dagar mindre enn i 2022–2023.
- Auka fråvær er størst blant jentene, som nå har tre dagar meir fråvær enn gutane i Ål.

Medianen gir eit meir nøyaktig bilete enn gjennomsnittet av kor mykje fråvær det er vanleg for elevane å ha. Dette er fordi medianen ikkje blir like mykje påverka som gjennomsnittet av nokre få elevar med veldig høgt fråvær. ([Kjelde](#))

Medianen blir rekna ut slik: Seks elevar har følgjande fråværsdagar: 3, 3, 6, 18, 19 og 31. Då blir medianen 6 og 18, sidan desse to tala indikerer det høgaste og det lågaste etter at datasettet er sortert. Deretter legg vi saman 6 og 18, som gir 24. Dette deler vi på 2, slik at medianen blir 12.

Gjennomsnittet i dette dømet er 13,33 – gjennomsnittet blir altså i større grad påverka av elevane med høgt fråvær enn medianen.

Geografisk samanlikning

Skoleår	Ål kommune Median dagar fråvær	Ål kommune Median timar fråvær	Nasjonalt Median dagar fråvær	Nasjonalt Median timar fråvær
2023-24	7,0	9,0	8,0	7,0
2022-23	11,0	6,0	8,0	6,0
2021-22	4,0	8,5	2,0	3,0
2020-21	0,0	3,0	1,0	2,0
2019-20	3,0	3,0	4,0	3,0
2018-19	6,0	2,0	6,0	5,0
2017-18	6,0	3,0	6,0	5,0
2016-17	4,0	3,0	6,0	4,0
2015-16	6,0	1,0	6,0	4,0

Eigenvurdering til eigar

Kva som er grunnen til at fráværet har auka, er veldig vanskeleg å konkretisere. UDIR sin tolking av dei nasjonale tala er slik:

«Ein elev på 10. trinn har typisk åtte dagar og sju enkelttimar frávær i 2023–24. Det er éin time meir samanlikna med skuleåret 2022–23. Samanlikna med før pandemien, skuleåret 2018–19, er det ei auking på to dagar og to timar.

Tal frå [Ungdataundersøkelsen 2024](#) syner òg at prosentandelen ungdomsskuleelevar som svarer at dei har skulka skulen har auka etter pandemien.

Forskarar som har undersøkt korleis pandemien påverka elevar på ungdomstrinnet, finn at tilsette på skulen gjennomgåande fortel om utfordringar med frávær i kjølvatnet av pandemien ([Vennerød-Diesen mfl. 2024](#)). Det handlar både generelt om elevgruppene, men òg at eit auka tal elevar har veldig høgt frávær. Den mest vanlege forklaringa frå tilsette i skulen er at dette handlar om endra vaner hos elevane etter pandemien kombinert med endringar i grensesetting frå føresette. Samtidig peikar nokon sosiallærarar og elevar på at det auka fráværet kan handle om meir komplekse årsaker, som mental helse og einsomheit.

Auka elevfrávær etter pandemien er ikkje eit særnorsk fenomen. Data fra mange OECD-land, inkludert USA, Danmark, Storbritannia og Australia, viser ein markant auking i elevfráværet etter pandemien» (red.; [Fraværet i grunnskolen fortsetter å øke | udir.no](#))

UDIR sin fokusgruppe innan dette område peiker på følgande årsaker:

"I fokusgrupper med skuleleiarar og skuleeigarar er det flest som nemner individuelle og personlege faktorar som mogelege grunnar til auken i fráværet. Den vanlegaste forklaringa i desse gruppene er psykisk helse. Blant kommunale skuleeigarar er det likevel noko større grad av semje enn blant skuleleiarar, at fráværet hovudsakleg kjem av skulemiljø og sosiale faktorar. Forklaringar som vert gitt, inkluderer auka forventningspress i samfunnet, endra foreldrerolle, meir testing og vurdering i skulen. Andre peikar på eit sterkt fokus på teoretiske fag og eit vedvarande problem med mobbing i skulen." (red.; [kjelde](#))

Det er altså vanskeleg å peike på ein eller få konkrete grunnar/faktorar til at fráværet (i heile landet og i Ål) har auka, og vi må nok anta at det er ein kombinasjon av årsakene som er nemnde ovanfor. Tala for Ål (2023-2024) ligg meir på det jamne med nasjonalt, enn året før kor ein hadde ei markant auke i fráværdsdagar.

Det er interessant å merke seg at elevar som har «ufrivillig skulefrávær» sjølv peikar på at om dei hadde slept karakterpresset hadde det gitt større rom for læringsglede (jf. elevrepresentant på Læringsfestival 2024 (november, Buskerud fylkeskommune), i Bergen). Ein studie der ein har sett på eit karakterfritt førsteår på vidaregåande og heller hatt fokus på god og tett oppfølging og

tilbakemeldingar i fag undervegs gav *lågare fråfall* i skulen. Studien viste markante funn, der fråfall av karakterpress hadde størst effekt på gutar og elevar med låge karakterar frå grunnskulen ([Karakterfritt første år på videregående ga lavere frafall](#)). Administrasjonen meiner det er interessant å reflektere over denne studien opp mot vår eigen praksis i Ål.

Forskarar som har følgt eit prosjekt med fokus på lek ved seks Hamar-skular peikar på at elevane blir tryggare, det fører til færre konflikhtar og elevane *gleder seg* til å kome på skulen der ein i opplæringa har fokus på leikande læring og lærande lek. Med andre ord bør ein sjå menneske som eit leikande vesen, der den lærande leiken har fokus i heile opplæringsløpet. Leiken har mange «ansikt» og strukturar og tek berre ulik form ut i frå eleven sin alder. Uteskule er t.d. læring sett inn i ein leikande kontekst. ([Mer lek ga tryggere elever og færre konflikter](#); podcast [Lekende læring og lærende lek: Tryggere elever og færre konflikter - Skolelederforbundet](#))

I 2021 blei det laga ei strategi for arbeidet med ufrivillig skulefråvær ("Kvar dag teller"). Mars 2025 er den blitt konkretisert med ein handlingsrettleiar knytt til «Trygg oppvekst» (BTI-modellen i Ål kommunen). Det er administrasjonen si vurdering at sektoren arbeider målretta og grundig med både å førebygge og redusere bekymringsfullt fråvær, når bekymringsfullt fråvær dessverre er tilfellet. Sektoren har fleire ulike tiltak i både det førebyggjande arbeidet og når bekymringsfullt fråvær dessverre er en realitet. Administrasjonen vurderer at det både er fokus på kortsiktige og langsiktige tiltak; på tiltak retta mot det store fellesskapet kor tilhøyring til skulen er eit mål og på tiltak retta mot enkelt elevar når det er nødvendig.

10. Oppsummering

Oppvekstsektoren i Ål har dei siste åra arbeidd systematisk med å styrke det didaktiske og pedagogiske utviklingsarbeidet i profesjonsfellesskapa. Målet har vore å utvikle ei sterk profesjonell læringskultur gjennom ein meir forskningsbasert tilnærming på alle nivå i sektoren. Det er lagt ned eit omfattande arbeid for å bygge ein kultur basert på styrker, der me løftar fram det som verkar didaktisk og pedagogisk, og der vi vektlegg styrkane våre – frå administrasjonen til den enkelte eleven, via dei fagprofesjonelle (assistentar, miljøarbeidarar og lærarar).

Gjennom dette arbeidet har vi nå etablert strukturar for det profesjonelle læringsfellesskapet på fleire nivå. Sjølv om mykje er på plass, er vi framleis i ein prosess der vi utviklar og forbetrar sektoren for å gjere alle barn og elevar best mogleg førebudde på livet, samtidig som vi rotfestar dei i lokalsamfunnet. For å lukkast, må vi halde fram med å vere opne, modige og grundige i tilnærminga til ny praksis. All forskning viser at utviklingsarbeid er ein kontinuerleg prosess, og i ein sektor som stadig er i endring, er det avgjerande å unngå å låsa seg til enkelte didaktiske eller pedagogiske retningar. Vi må vere fleksible og stadig evaluere og justere kursen for å sikre ei solid og framtidsretta oppvekstsektor.

Gjennom åra har utviklingsarbeidet bidrege til ei positiv stemning i sektoren og ei sterk tru på at samarbeid, samskaping og felles innsats kan gi alle barn og elevar meistringstru og ei sterk tilknytning til Ål kommune.

I denne prosessen har administrasjonen arbeidd aktivt for å styrke ei meir forskningsbasert tilnærming til utviklingsarbeidet, inkludert analyser av UDIR sine data. I november 2023 vart det

avdekt at UDIR si statistikkmodell ikkje har registrert korrekte data/resultat frå nasjonale prøver sidan 2011. Dette er utfordrande for kommunane i Noreg, inkludert Ål, som tidlegare hadde sett resultatmål for sektoren basert på desse tala. Difor har det vore, og er framleis, naudsynt å vurdere bruken av slike data med stor varsemd.

Sjølv om data frå UDIR er viktige for utviklingsarbeidet, må dei analyserast grundig før dei vert nytta som grunnlag for vidare arbeid. Eit døme på dette er data om mobbing. Når elevane skal svare på spørsmål knytt til mobbing, blir tittelen på undersøkinga presentert som "Mobbing på skulen", noko som kan gi inntrykk av at all mobbing skjer i skuletida. Samtidig viser data at 19 % av mobbinga skjer digitalt, trass i at elevane ikkje har tilgang til mobiltelefonar i skuletida. Dette reiser spørsmål om kor i stor grad den digitale mobbinga skjer på dei digitale einingane i skulen (iPad/PC) eller om spørsmålsformuleringa gjer at elevane rapporterer mobbing som skjer på fritida.

Slike problemstillingar understrekar kor viktig det er å analysere og tolke data grundig før ein dreg konklusjonar. Som ein del av det pågåande utviklingsarbeidet held vi difor fram med å vurdere og forbetre korleis vi nyttar data for å styrke kvaliteten i oppvekstsektoren. Dette arbeidet er ein kontinuerleg prosess der vi stadig utviklar oss for å gi barn og elevar best mogleg føresetnader for framtida.